



# Møteprotokoll frå Soknerådsmøte

## Desse møtte:

### Namn

Gunmar Grimstad  
Björg Vartdal Hareide  
Lars Sellereite  
Kjersti Røyset Topphol  
Leidulv Ø. Grimstad  
André Gjerde  
Greta Sandanger Goksøy  
Jan Erik Hovland

### Funksjon

leiar  
medlem  
medlem  
nestleiar  
medlem, sokneprest  
1. varamedlem  
4. varamedlem  
sekretær, kyrkjevevje

Tysdag 14. feb. 2017

kl. 18:00 – 19:00

kyrkjekontoret

## Desse møtte ikkje:

### Namn

Turid Engen  
Hege Tretnes  
Wenche Iren Roppen  
Lidvar Arne Grimstad  
Dagfinn Snipsøy  
Hallvar Sæverud  
Elisabeth Myrene

### Funksjon

medlem  
medlem  
medlem  
medlem  
2. varamedlem  
3. varamedlem  
medlem (permisjon)

7 voterande

## Desse sakene vart handsama:

SR 07/17 Godkjenning av innkalling og sakliste  
SR 08/17 Godkjenning av møteprotokoll frå førre møte  
SR 09/17 Søknad om leige av Hareid kyrkje  
SR 10/17 Godkjenning av Årsmelding 2016 for Hareid sokn  
SR 99/17 Eventuelt

Møtet vart leia av soknerådsleiar Gunmar Grimstad.

## Meldingar:

- Soknepresten orienterte om prestane på Hareidlandet sitt intervju i Vikebladet ang. Vigselsliturgi for likekjønna par.
- Kvinnenes internasjonale bønnedag 3. mars. Felles for Ulstein og Hareid i Hareid kyrkje.
- Misjonsutvalet utfordrar soknerådet på å skaffe gevinstar til misjonsdagen på Holesanden i juni.
- Diakoniutvalet har sendt en førespurnad til Kirkens SOS om å få ei eigen filial på Søre Sunnmøre. Svar frå K-SOS sentralt er at dei ikkje er negative og ber om vidare utgreiing. Dette er i arbeid. Målet er å korte ned reisevegen til Ålesund for dei frivillige.

Hareid, 23.02.17

Gunmar Grimstad  
soknerådsleiar

Jan Erik Hovland  
sekretær, kyrkjevevje

**SR 07/17 Godkjenning av innkalling og saksliste****Saksutgreiing:**

Innkalling og saksliste vart sendt ut pr. e-post 9. februar.

**Soknerådet si handsaming:**

Merknad frå André Gjerde om at innkalling bør sendast til varamedlemmane.

**Røysting:** samrøystes

**Vedtak:** Soknerådet godkjenner innkalling og saksliste.

**SR 08/17 Godkjenning av referat frå førre møte****Saksutgreiing:**

Referat vart sendt ut pr. e-post 18. januar.

**Soknerådet si handsaming:**

Merknad frå André Gjerde om at referat bør sendast til varamedlemmane.

**Røysting:** samrøystes

**Vedtak:** Soknerådet godkjenner referatet.

**SR 09/17 Søknad om leige av Hareid kyrkje**

Kjersti Røyset Topphol vart kjent inhabil i saka som medlem av Hareid kammerkor. Ho gjekk frå møtet.

Røysteføre: 6

*Vedlegg: SR0917a E-post med repertoarliste.pdf*

Aktuelle lovar og reglar: Regler for bruk av kirkene: § 5

**Saksutgreiing:**

Hareid kammerkor og Musikklaget Melshorn har forhøyr seg om å få leige kyrkja i samband med ein konsert dei ynskjer å ha. Konserten har ein rekke songar i sjangeren opera – operette – musikal. Nokre av dei med kristent innhald.

Kyrkjeverja har innhenta følgjande kommentar frå kantor:

*«Fekk repertoaret kor og korps har planar om å framføre på denne konserten. Av 12 titlar, har berre 3 av dei direkte kristent innhald. Dette meiner eg er for lite i forhold til det totale antal musikkstykker/songar, og det blir feil «vekting» til å kunne ha konserten i kyrkja.*

*Eg trur repertoaret vil passe betre i eit anna konsertlokale.*

*Ida Teige, kantor»*

På den eine sida må ein etter Reglar for bruk av kirkene §5 sjå om arrangementet er føremålstenleg – til Guds ære eller oppbyggjeleg for kyrkjelyden.

På den andre sida ynskjer ein i relasjon til bygdefolket å senke terskelen for å komme inn i kyrkja og å føle seg velkommen. Medlemmane i kammerkoret og Melshorn er også ved fleire høve aktivt med i gudstenestene i Hareid.

Andre opplysningar: det har også komme ein førespurnad frå ein lokal pianist om å få arrangere ein konsert i kyrkja i lag med to songarar frå Operahøgskulen. Repertoarliste er ikkje produsert, men innhaldet vil truleg heller ikkje her vere kyrkjemusikk.

**Soknerådet si handsaming:**

Soknerådet vil gjere enkelt-vedtak når det gjelder søknadar om leige av kyrkja.

**Røysting:** 4 røyster mot 2.

**Vedtak:** *Soknerådet godkjenner søknaden frå Hareid kammerkor og Musikklaget Melshorn.*

**SR 10/17 Godkjenning av Årsmelding 2016 for Hareid sokn**

Kjersti Røyset Topphol kom til i møtet.

*Vedlegg: SR1017a Årsmelding 2016 for Hareid sokn.pdf*

**Saksutgreiing:**

Årsmeldingar for soknerådet, underutval og soknepresten utgjer Årsmeldinga for Hareid sokn. Denne skal godkjennast av soknerådet og leggjast fram for Årsmøtet i soknet til orientering.

Budsjett og statistikk er ikkje klar enno.

**Soknerådet si handsaming:**

- Det vart notert nokre få skrivefeil og mindre endringar i innhaldet.
- Det vart bedt om at rekkefølga skulle vere sokneråd, underutval, andre einingar.

**Røysting:** samrøysta.

**Vedtak:** *Soknerådet godkjenner Årsmelding 2016 for Hareid sokn med dei endringar som kom fram i møtet, og delegera til kyrkjeverja å ferdigstille endeleg versjon.*